



VIKEDAL BYGDAHUS

---

# INNKALLING TIL ÅRSMØTE I

## REPRESENTANTSKAPET



## VIKEDAL BYGDAHUS

---

TORSDAG 9. FEBRUAR 2012

PÅ VIKEDAL BYGDAHUS KLOKKA 19.30

[www.vikedal-bygdahus.no](http://www.vikedal-bygdahus.no)



## SAKLISTE

1. Årsmelding 2011
2. Rekneskap 2011
3. Val av 2 medlemmer til underskriving av møteboka
4. Val
5. Budsjett 2012
6. Endring av vedtekter
7. Eventuelle innkomne saker
8. Orienteringsaker

Vikedal 25.01.2012

**Sverre Gjerde**

*Leiar Representantskapet*

**Nils Erik Eide**

*Styreleiar Vikedal Bygdahus*



## ÅRSMELDING FOR VIKEDAL BYGDAHUS 2011

### Styret har vore:

Leiar	Nils Erik Eide
Nestleiar	Anja Våg Skjold
Sekretær	Hilde Skipevåg
Styremedlem	Kari Holten Leifsen
Styremedlem	Leiv Øystein Leifsen

Vararepresentar/Pubnemnd John Olav Krokedal, Anne Espevold og Ola Espevold

Styremedlem vald av kommunen (2007- 2011) Gisle Heggebø og vararepresentant Peder Johan Sandvik

### Andre verv:

Leiar i representantskapet	Sverre Gjerde
Forretningsfører	Grethe Solheim
Revisorar	Svein Krokedal og Marianne Hustveit Nes
Bingonemnda	Karine Klæbo, Øyvind Årekol (t.o.m juni), Tine Årvik, Alice Katrine Mikkelsen
Forretningsfører bingo	Kristine Heddeland
Valnemnda	Beate Tandrevold, Tone Staurland og Ole Sigve Leifsen

Styret har hatt 13 vedtaksføre styremøter. Heile 122 saker er blitt behandla av eit engasjert og dyktig styre. Det har vore eit interessant og kjekt styreår der majoriteten av sakene har dreia seg om idrettshallen.

I tillegg til styremøta, har me hatt halvårsmøte og formøte til årsmøtet, der leiarane i representantskapet møtte styret. Dette for å orientera representantskapet, eigarane, om deira ansvar i denne utfordrande tida framover med drift av storbygget. I tillegg har det vore fleire møte med finansgruppa, byggjekomiteen og byggjeleiar.

Det vart oppretta eigen programkomité i samband med opninga av hallen. Dei gjennomførte sju møter til saman.

Bingonemnda har som vanleg jobba bra. Dei har hatt eit utfordrande år, der dei slit med å få folk til dugnad, spesielt lesarar. I løpet av året har dei vore konstruktive og kome med forslag til forbetring av drifta slik at det vert meir overskot og motiverte dugnadfolk. Øyving Aarekol trakk seg frå sitt verv i bingonemnda i juni, noko som gjorde at det blei enda meir arbeid på dei som sat igjen. Men, dei har gjort ein framifrå innsats og styret takkar dei for den viktige jobben dei har gjennomført i 2011.

Det har blitt arrangert 2 pubkveldar, ein påskepub og ein førjulspub. Det har vore kjekke arrangement, men det hadde ikkje gjort noko om det var fleire personar ute desse kveldane. Me arrangerer desse pubkveldane for å få inntekt til drift av byggja, så me hadde vel håpa på



eit større økonomisk overskot. Me får håpa bygdafolket stiller opp på desse pubkveldane komande år. Takk til pubgruppa for god jobb.

Det vart gjort forsøk på å arrangera ein restaurantkveld i november for det litt eldre publikum. Ein eigen komité jobba veldig målbevisst og bra for å få dette til. Ein hjort blei kjøpt inn på auksjon under Hjortefestivalen. Det var få personar som kjøpte billetter til arrangementet under førehandssalet. Det vart stilt eit ultimatum at minimum 100 personar måtte kjøpa billetter for at arrangementet skulle gjennomførast. Dessverre blei det ikkje noko av denne restaurantkvelden. Me håpar det let seg gjera ein annan gong. Tusen takk til komiteen for at de gjorde så god jobb. Synd det ikkje var nok interesse.

Admiral P, Vidar Johnsen, Gunslingers og Yoga Fire stod for det musikalske programmet under Sommarfestivalen. I tillegg var det som vanleg marknad, fiskekonkurransse og besøk av Kaptein Hjørnetann. Fredag kveld var ikkje så godt besøkt som ein hadde håpa på, men det kom mykje folk på lørdagskvelden. Me vil takka komiteen for god innsats.

Dette året arrangerte me ikkje Dansefestival grunna bygging av idrettshall. Det var i utgangspunktet bestemt at det skulle vera Dansefestival rundt påske, men frosten gjorde at ferdigstillinga av hallen blei utsett. Difor bestemte styret at me legg festivalen på is til etter at hallen var reist. Når det gjeld framtida til Dansefestivalen, er den usikker. Me har folk som vil vera med, men manglar ein leiar i komiteen.

Som medlem av Vaktkompaniet hadde bygdahuset som vanleg ansvaret for grillinga under Rootsfestivalen. Det gav også i år kjærkomne inntekter. Grunna godt overskot på årets Roots fekk me 100.000 kroner til idrettshallen. Dei kjem veldig godt med. Takk til alle som stilte på dugnad for oss under Roots.

Me har, naturleg nok, brukt store delar av styreåret på idrettshallarbeid. Den har vore fast inventar på saklista vår, og me kan med glede rapportera i årsmeldinga at hallen er ferdigstilt og full av aktivitet. Det har vore mykje arbeid, men jaggu er det verdt det når me ser resultatet.

Fredag 26. august arrangerte styret opningsfest for styre – og komitémedlemmer, dugnadsfolk, sponsorar og andre viktige samarbeidspartnarar. Odd Bjørn Hjelmeseth var invitert til å halda eit motiverande føredrag. Tor Eivind Skeidseid var konfransier. Sentrale økonomiske bidragsytarar, for at me skulle få til dette programmet, var Haugesund Sparebank og Vindafjord idrettslag. Jon Bjarte Aarekol og Jane Elin Owe lagde til nydelig mat. Det var ein kjekk opningsfest med mykje gode ord og gåver.

Dagen etter arrangerte me "opent hus" med aktivitetar for barna, og kake og kaffi til dei vaksne. Det var ein vellukka dag som me kjem til å hugsa i lang tid framover.

Takk til alle involverte for god innsats i året som gjekk med tanke på idrettshallarbeidet.



Helge Bro Matland sa opp som festival – og bygdeutviklar etter Rootsfestivalen. Denne stillinga var ikkje ein suksess når det gjeld bygdahuset. Det var vanskeleg å få vedkomande til å engasjera seg for bygdahuset sitt arbeidsområde.

Styret har bestemt at Sivert Ole Holten skal leigast inn framover til dette arbeidet. Som konsulent skal han arbeida med sponsor, organisasjonsplan, festivalane våre, utleige telt m.m. Når det gjeld utleige av bygdahus/hall har styret bestemt at det skal lønnast ein husvert. Kari Espevoll har takka ja til denne jobben, som går ut på å organisering av utleige, innkjøp og vask etc. I tillegg skal vedkomande ha kontakt med vaktmeister om vedlikehald og anna.

**Takk for i år!**

25.01.12

Styreleiar

Nils Erik Eide



## VAL

Styreleiar	<i>Ikkje på plass pr. 25.01.12 (jobbar med saka)</i>		
Styremedlem	Stein Opsal	970 61 470	2 år
Styremedlem	Leiv Øystein Leifsen	976 49 322	1 år
Styremedlem	Hilde Skipervåg	900 76 517	1 år
Styremedlem	Kari Holten Leifsen	920 42 004	1 år
Vara medlem og pub komité	Hege Reimers	934 52 631	2 år
Vara medlem og pub komité	Ola Espevold	934 34 679	1 år
Vara medlem og pub komité	Tor Helge Langballe	988 45 946	2 år
Rekneskapsfører	Grete Solheim	926 80 855	1 år
Revisor	Svein Krokedal	901 42 022	1 år
Revisor	Marianne Hustveit	995 58 703	1 år
Bingonemd	Alice Katrine Mikkelsen	932 36 923	1 år
Bingonemd	Yngve Halleraker	959 09 397	2 år
Bingonemd	Tine Årvik	473 08 583	1 år
Bingonemd	Wenche Lilleland	924 03 089	2 år
Bingokasserar	Kristine Heddeland	971 80 855	1 år
Valnemd	Ole Sigve Leifsen	982 83 790	1 år
Valnemd	Tone Staurland	975 24 835	1 år
Valnemd	Magne Nybru	993 62 166	2 år

25.01.12

Valnemnda

Ole Sigve Leifsen  
Beate Tandrevold  
Tone Staurland



## BUDSJETT 2012 (01.01.12 - 31.12.12)

<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			<b>Budsjett 2012</b>
3001	Omsetning alkohol og mat		kr 445 000,00
3100	Salgsinntekter, avgiftsfrie		kr -
3200	Salgsinntekter, utenfor avg.omr.		kr 20 000,00
3201	Inngangspenger		kr 675 000,00
3203	Omsetning bingo		kr 80 000,00
	<b>Sum salgsinntekter</b>		<b>kr 1 220 000,00</b>
3600	Leigeinntekt fast eiendom/utstyr avg.pl		kr 510 000,00
3605	Leigeinntekt utanfor avgiftsområdet		kr 85 000,00
	Sponsorinntekter	Hallen	kr 150 000,00
	Rentestøtte Vindafjord kommune		kr 100 000,00
	Driftstilskot	VUL + husmorlaget	kr 30 000,00
	Overskot andre inntektsbringande arrangement	Haustr/vårfest komlemiddag/vaktkompaniet	kr 50 000,00
	<b>Sum andre salgsinntekter</b>		<b>kr 925 000,00</b>
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER TOTALT</b>			<b>kr 2 145 000,00</b>

<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
4000	Innkjøp varer		kr 58 000,00
4001	Utgifter pub		kr 24 000,00
4030	Innkjøp råvarer og halvfabrikata (14%)		kr 30 000,00
4301	Kjøp alkohol		kr 150 000,00
4500	Fremmedytelser og underentreprise		kr 235 000,00
4501	Innleigde orkester		kr 300 000,00
4502	Innleigde vakter		kr 110 000,00
	<b>Sum varekostnad</b>		<b>kr 907 000,00</b>
	<b>Personalkostnader</b>		
5000	Lønn til ansatte	50000 + 10000	kr 60 000,00
	<b>Sum personalkostnader</b>		<b>kr 60 000,00</b>
	<b>Andre driftskostnader</b>		
6320	Renovasjon, vatn, avløp		kr 15 000,00
6340	Straum		kr 150 000,00
6360	Reinhald		kr 25 000,00
6500	Verktøy m.v.		kr 10 000,00
6540	Inventar		kr 100 000,00
6560	Rekvisita		kr 7 000,00
6620	Reparasjoner og vedlikehold utstyr		kr 22 000,00
6705	Honorar rekneskap		kr 50 000,00
6800	Kontorrekvisita		kr 1 000,00
6810	Data/Edb kostnader		kr 8 000,00
6900	Telefon		kr 6 000,00



## VIKEDAL BYGDAHUS

---

6940	Porto		kr 1 500,00
7310	Annonser		kr 7 000,00
7320	Reklamekostnader		kr 12 000,00
7400	Kontingent, fradragsberettiga	Vindafjord reiselivslag	kr 1 000,00
7500	Forsikringspremie		kr 30 000,00
7600	Lisensavgift og royalties	I hovedsak Tonoavgift	kr 22 500,00
7710	Styre- og årsmøter m.m.		kr 3 000,00
7770	Bank og kortgebyrer		kr 500,00
7790	Annen kostnad fradragsberettiga		kr 5 000,00
7791	Andre driftskostnader		kr -
-	<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>kr 476 500,00</b>
-			
-	<b>SUM DRIFTSKOSTNADAR TOTALT</b>		<b>kr 1 443 500,00</b>

### Budsjettert driftsresultat totalt

kr 701 500,00

8152 Rentekostnader låntil Banken og Rootsens  
Fordeling av overskudd sommerfestivalen

kr 600 000,00

kr 68 833,33

### Budsjettert resultat totalt

**kr 32 666,67**

25.01.12

Forretningsfører

Grethe Solheim





## VEDTEKTER FOR VIKEDAL BYGDAHUS L/L

Revidert forslag til endring av vedtekter til årsmøte 09.02.12. Endringer i gult.

### §1 Namn og Selskapsform

Vikedal Bygdahus L/L er eit andelslag med vekslande medlemstal, Vekslande kapital og avgrensa ansvar.

### §2 Føremål

Føremålet med laget er å reisa og driva eit bygdehus for på den måten å skaffa innbyggjarane på staden ein høveleg samlingsstad med rom for møter, festar, kino, teaterframсыningar, konsertar, studierom , idrettslokale. m.m.

### §3 Bruk av huset

Bygdahuset skal stå ope for alle lovlege føremål. Ingen må stengjast ute på grunn av religiøse, sosiale eller politiske syn. Huset vert elles disponert slik som styringsorgana i andelslaget finn det føremålstenleg. Det skal takast omsyn til den økonomiske situasjonen til kvar tid, og til sosiale og kulturelle føremål som huset skal gje plass til.

Leigevilkåra skal være dei same for alle som nyttar huset, anten dei er andelseigerar eller ikkje. Dei organisasjonane som har flest andeler i huset, og dei som har gjort mest for å få det reist kan likevel ha ein viss førerrett når det gjeld leige av lokalet.

Dersom det vert usemje om bruket av bygdahuset, skal saka avgjerast av kommunestyret eller den som kommunestyre gjev fullmakt til.

### §4 Andelane

Andeler i laget kan teiknast av organisasjonar, lag, institusjonar og einskildpersonar, i form av kontantinnskot, naturalia eller dugnadsarbeid.

Andelslaget har to eigegrupper, organisasjonen, lag , institusjonar som eig andel i laget , utgjør A- gruppa. Einskildpersonar som eig andeler , utgjør B- gruppa.

Andelseigerne har ikkje ansvar for laget sine plikter utover andelene som er teikna.

Kvar andel i A- gruppa er sett til 1000 kr , og i B- gruppa til kr 250 kr. Det skal førast særskild protokoll over andelseigerar og talet på andelane deira.

Meir enn 50 % av andelane skal til ei kvar tid vere eigd av idrettslag/organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske organisasjonskomite og/eller kommunar/fylkeskommunar.

**Andelane i Vikedal Bygdahus er fordelt slik:**

#### **Idrettslag og organisasjonsledd i Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité:**

Vikedal Skyttarlag	3
NMK Vikedal	3
Vikedal Dykkarklubb	1
Vindafjord Idrettslag	4
Vindafjord Pistolklubb	2
<b>Totalt "Idrettslag og organisasjonsledd....."</b>	<b>13</b>



## **Andre**

Vikedal Ungdomslag	5
Vikedal Sanitetsforening	1
Vikedal Husmorlag	1
Vikedal Bondelag	1
Vikedal Skulekorps	1
Vindafjord Røde Kors	1
Vikedal Båtforening	1
<b>Total "andre"</b>	<b>11</b>

**Andelar Vikedal Bygdahus totalt 24**

## **§5 Overdragelse av andeler**

Det er ikkje høve til å overdra andeler til andre utan at styret for andellaget samtykkjer. Bliir erstatta med/evt tillegg : Overføring av eigardelar skal styret nekta dersom det ligg føre sakleg grunn eller overføringa vil medføre brot på føresegner i vedtektene.

## **§6 Styringsorgan**

Andelslaget har desse styringsorgana:

Representantskap, samansett av representantar for andelseigerane.

Styret, vald av representantskapet.

## **§7 Representantskapet**

Representantskapet er sammensatt av representantar for andelseigerane. Andelseigerane sin representasjon skal reknast etter talet på innbetalte andelar.

Andelseigerane i A-gruppa har representasjonsrett i representantskapet etter desse reglen:

Eigar av 5-25 andeler , 1 representant

" " 26-50 " , 2 representantar

" " 51-75 " , 3 "

" " 76-100 " , 4 "

" " 101 eller fleire, 5 "

Andelseigerane i B- gruppa har til saman rett opptil fem representanter etter same høvetal mellom andeler og representanter som det som er fastsett for A-gruppa. Representantane for B-gruppa vert valde i særskild møte av andelseigerane i denne gruppa, som har ei røyst kvar. Styret i andelslaget kallar inn til dette møtet.

Medlemmene i representantskapet er valde for kalenderåret. For kvart medlem skal det veljast ein personlig varamann.

Alle val til representantskapet må vera gjort innan utgang av januar månad. Styret i andelslaget skal ha skriftelig melding om vala.

## **§8 Møte i representantskapet**

Representantskapet held til vanleg årsmøte og halvårsmøte.



Formannen i representantskapet i samråd med styret i andelslaget kallar inn til representantskap møte, som skal kunngjerast gjennom lokalpressa, ved brev eller oppslag. Innkalling med førebels saklista skal gjerast kjent minst ein månad før møtet skal haldast. Framlegg som nokon måtte ynskja å få handsama på møtet må være send til leiaren i representantskapet minst 14 dager i førevegen. Endeleg saklista skal sendast ut ei veke før møtet vert halde.

I møte i representantskapet har kvar representant ei røyst. Representantskapet er vedtakført når minst 2/3 av representantane er tilstades. Det kan ikkje gjerast vedtak i andre saker enn dei som står på saklista.

Dei andelseigerane som ikkje er representerte på møte, er bundne av dei vedtaka som vert gjorde.

Møte vert styrt av leiaren i representantskapet. Skrivaren for styret i andelslaget er møteskrivar. Styret og revisorane i andelslaget er med på møte i representantskapet med tale og framleggsrett, men har ikkje røysterett. Representantskapmøte vel to medlemmer til å skriva under møteboka, som skal sendast alle representantskapmedlemmene etter kvart møte.

## **§9 Årsmøte i representantskapet**

Årsmøte i representantskapet er øverste organ i andelslaget. Det vert halde innan utgangen av februar og har til vanlig føre:

1. Årsmelding og reknskap
2. Framlegg til budsjett for komande år.
3. Val av leiar i representantskapet for komande år.
4. Val av styremedlemmer, leiar og kassestyrar.
5. Val av revisorar
6. Andre saker som står på saklista

Til å førebu valet på neste årsmøte vel representantskapet ei valnemnd på 5 medlemmer.

## **§10 Halvårsmøte**

Halvårsmøte i representantskapet skal haldast innan utgang av september. På møtet skal ein ha føre rekneskapsoversyn pr. 1. juli, og andre saker som står på saklista.

## **§11 Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte i representantskapet kan kallast inn av styret, eller når andeleigerane som representerer minst 1/3 av andelene krev det.

Ekstraordinært årsmøte kan berre ha føre saker som er sette opp på saklista for dette møtet.



## §12 Styret

Styret i andelslaget skal ha mist fem medlemmer, pluss ein frå kommunestyret med varamenn. Minst tre av styremedlemmene skal representera A-gruppa.

Styret skal veljast for 2 år. Av dei som er valde ved første valet, går to ut etter 1 år etter lutdraging, og deretter dei som har gjort lengst teneste i styret.

Når eit medlem i representantskapet vert vald inn i styret, vert varamannen medlem i representantskapet.

Styreformann og kassestyrar vert valde av årsmøte. Varaformann og skivar vert valde av og innan styret. Styret kan ta avgjerd i saker når meir enn halvparten av styremedlemmene er tilstades, mellom dei formannen eller varaformannen. Ved like røystetal vert saka utsett.

Styret skal setja i verk vedtaka i andelslaget og tek elles dei avgjerder som drifta av Bygdahuset krev.

Styret har ikkje høve til å selja, pantsette eller på annen måte hefta laget sine faste eigedomar. Styret kan heller ikkje gjera avtale om kausjonplikter av nokon slag, eller bruka laget sine inntekter til anna enn vedlikehald og drifta av huset.

Det skal førast møtebok for styremøte. Møteboka skal underskrivast av dei styremedlemmene som er til stades.

Underskrifta til formannen, eller i hans fråvær underskrifta til varaformann, er bindande for laget.

## §13 Forretningsfører, vaktmeister og anna arbeidshjelp

Styret kan tilsette forretningsfører, vaktmeister og anna arbeidshjelp etter at representantskapet har gjort vedtak om at det blir oppretta slike stillingar.

Styret leiår og har tilsyn med arbeidet til forretningsføraren og vaktmeisteren. Dei tilsette skal rette seg etter påbod som styret eller leiaren gjev.

Vaktmeisteren er også underlagt forretningsføraren si arbeidsleiing og må retta seg etter dei påbod forretningsfører og /eller styret og leiaren gjev.

For stilling gjeld instruks utarbeidd av styret og godkjent av representantskapet.

## §14 Rekneskap og budsjett

Styret skal syta for at det vart ført tilfredsstillande rekneskap. Rekneskapet fyljer kalenderåret og vert gjort opp og avslutta pr 31. Desember.

Årsrekneskap og status med underskrifter av styret og revisorar og framlegg til budsjett for kommande år skal sendast til medlemmene i representantskapet saman med innkalling til årsmøte.



## §15 Disponering av overskot

Partslaget sitt overskott skal brukast til partslaget sitt føremål, hermed også det idrettslege.

## §16 Revisjon og kontrollnemnd

Årsmøte i partslaget skal velja ein eller fleire revisorar med turvande fagkunnskap.

Revisjonen skal utførast etter dei instruksar som partslaget fastsetter.

Dersom partslaget har tilsett revisor, vel årsmøte i representantskapet ei kontrollnemnd på tre medlemmer som gjennom går revisjonsmerknader og styreprotokoll og gjev si tilråding til årsmøte.

## §17 Endring av vedtektene

Endringar av vedtektene kan gjerast på årsmøte i andelslaget og krev minst 2/3 fleirtal av dei røystane som er gjevne.

Framlegg til endring av vedtektene må være komne til styret seinast ein måned før andelslaget har årsmøte.

Eventuelle vedtektsendringar skal straks sendast til Kulturdepartementet.

## §18 Oppløysning

Vedtak om oppløysing av andelslaget eller overdraging av eiga kan berre gjerast på årsmøte i laget der alle andelseigerane er innkalla.

Dersom oppløysing eller overdraging av eiga skal kunne vedtakast må minst 2/3 av stemmene vera representerte og minst 2/3 av dei avgjevne røystene vera for framlegget.

Dersom ikkje 2/3 av røystene er representert på møtet, kan oppløysing eller overdraging av eiga likevel vedtakast dersom 2/3 av dei frammøtte på eit nytt møte, der alle andelseigerane er innkalla med minst ein månads varsel, røystar for framlegget, og då utan omsyn til talet på representerte røyster.

25.01.12

Styret i Vikedal Bygdahus